

Lars S. Vikør:

## Kommentarar til vedtak på møtet i rettskrivingsnemnda 18.8., og framlegg i sakspapiret

Eg er samd i det meste som er lagt fram her, så det er ikkje så mange punkt der eg har noko å kritisere. Men somt vil det alltid vere. Det er vel kanskje særleg det å føre inn nye former i skriftspråket som ein kan vere noko skeptisk til, og det har vi ein del av i desse sakspapira. Slike framlegg må grunngjevast ekstra godt.

*juga – ljuga – lyga*: Eg trur kanskje *juga* vil bli oppfatta som ei dialektform som ikkje er ekvivalent med *lyga*. Det blir mest ein stilistisk variant. I dette tilfellet vil eg rå til at ein heller såg det som eit eige verb, om det i det heile skal vere med. Det same gjeld substantivet *jug* for *løgn*. Eg trur det vil vere høveleg å behandle *lyga/-e* som fast rettskrivingsform, og reservere *jug(a, -e)* for ein folkeleg stil der ein i alle fall vil vere meir romsleg overfor talemålsformer enn i vanleg ”normalprosa”. Dette ut ifrå eit grunnsyn om at Språkrådet ikkje bør ta mål av seg til å normere alle stillag i nynorsken, men leggje hovudvekta nettopp på ”normalprosa-stilen”.

*spjot – spjut – spyd*: Her trur eg også eg ville rå til å etablere *spjut* og *spyd* som to ulike ord, for det er ikkje lett og neppe idiomatisk å bruke dei heilt om einannan. Eg trur Andreas Thorkildsen må seiast å kaste *spyd* også på nynorsk, slik det alt for lengst er i praksis. Men når eg, som deltakar i det store omsetjingsprosjektet av den gammalislandske sogelitteraturen, har bruk for å omtale våpenet det er snakk om, passar *spyd* dårleg; da skriv eg *spjut*. *Spjot* har eg vanskar med å bruke fordi det blir så ”erkenorrønt”, og i desse omsetjingane skal vi balansere mellom ein moderne og ledig stil og former og uttrykk med ein norrøn dâm som ikkje skal verke parodisk. Eg foreslår at *spjut* og *spyd* får status som to separate ord, med slik stavemåte. Rett nok ser det ut til at *spjot* dominerer i korpuset, men det er no svært mange eldre tekster som har det, og er vel eit uttrykk for at *spyd* har overteke det meste av tydingsfeltet i nyare språk slik at berre den norrøne eller historiske biten vart att til *spjut*.

*fortom*: Rimar denne forma med at *tom* for *taum* er foreslått fjerna?

*sylje* er ei ny form, og ser noko merkeleg ut. Det hadde kanskje vore betre å behalde *sylgje* i staden, sidan det er ei svært vanleg form i litteraturen om emnet, ved sida av *sølje*.

*gj – kj*: Eg er sterk tilhengar av at valfridommen mellom hovudform med *j* og sideform utan *j* i slike ord bør førast vidare som full jamstilling, og eg skjønar at det ønskjer nemnda òg. Men eg er likevel noko atterhalden når det gjeld dei få unntaksorda som til no har obligatorisk *j*, altså *bølgje*, *følgje*, *svelgje*, *sørgje*, *telgje* (med *-a* eller *-e*, både substantiv og verb). Her trur eg det er mest tenleg å behalde desse som unntak med ein konsekvent skrivemåte. Med *følgje/-a* får ein særlege problem med uttalen om *j*-en blir borte: Er det *følge* med klar *g* eller *følle* det skal vere? Og så blir det ein inkonsekvens med skrivemåten med *-y-*, der ein ikkje vil ha *j*-laus form, med rette, trur eg nok. Ei form som *telga* finst vel ikkje? Her har bokmål *telgje* som eineform. Eg ville rå til å behalde *j*-formene som eineformer i denne gruppa.

Derimot er det rimeleg å tillate *ønska* / *ynska*, fordi vi her har ”kollisjonen” med substantivet *ønske* / *ynske*. Men eg ville ønskje at ein tok steget fullt ut og godtok *ønskje* / *ynskje* som substantiv, trass i at det altså er ei ny form. Dette fordi eg trur mange vil ha problem med å skilje så nærståande ordformer som dessutan begge er svært frekvente. Ein presedens har vi i substantivet *eit følgje* / *fylgje*, som også er eit unntak. Etter mi meining treng ein ikkje dermed

opne for *j* i andre ord som *stykke*, *merke* osv., fordi det der er slik at substantiva utan *j* står sterkare i bruken mens verba med *j* (som hovudform) står veikare i bruken – dei er rett og slett mindre brukte enn *ønskje* og pressar dermed ikkje substantiva i retning av former med *-j-*. Unntak frå ein hovudregel er lettare å forhalde seg til dess vanlegare i bruken dei er (og dess færre dei er, sjølv sagt). Så ein kan godta *eit ønskje / ynskje* utan å gjere nye endringar i andre ord.

*teateret*: Her er eg samd i den generelle regelen for denne typen ord. Men i nokon grad bør ein vere pragmatisk og tillate unntak frå prinsippa når dei har solid bruksgrunnlag. Det Norske Teatret er så sentralt i nynorsk-kulturen (og det å få bokmålsfolk til å slutte å skrive ”Det Norske Teater” ein så seig jobb), at ein kunne ta særlege omsyn til det og godta *teatret* som (valfri) unntaksform. Men her vil eg heller rå nemnda til å ha kontakt med sentrale folk på teateret. Godtek dei *teateret* som eineform, er det ingen grunn for oss andre til å mase meir om saka, sjølv sagt. Så eg foreslår ikkje utan vidare å ta inn *teatret*, men heller å gjere denne konsultasjonen før eit vedtak blir gjort, same korleis det blir.

Det var vedtaka. No går eg vidare på sakspapiret og ser på ord som det enno ikkje er gjort vedtak om.

*gat* – *gatt*, *spygat* – *spygatt*: Dette er truleg nederlandske lånnord; der heiter det *gat* (det vanlege ordet for ’hol’), og *spuigat* (eller *spiegat* eller *spijgat*). Uttalen er (-)*chatt*, altså med kort *a*, som på norsk vil gi *gatt*. Det er vel slik det blir uttalt på norsk òg (berre med norsk *g-*), slik at skrivemåten *gatt* verkar rimeleg. (Enda vi skriv *Kattegat*, men vel seier *Kattegatt* – her er det truleg dansk rettskriving som har verka inn.) Orda *gattfinne* og *gatthol* bør vel da også inn i vedtaket.

*kjukling*: Denne forma er så vanleg i nynorsk og nynorsk-nære målføre at eg vil gå sterkt inn for at den blir ståande som jamstilt med *kylling*, trass i at den sistnemnde forma har eit ”moderne” og ”ungt” stempel.

*makk* – *mark*: Her meiner eg òg det er grunn til å protestere mot framlegget om å ta ut *mark*. I talemålet dominerer denne forma utanfor Vestlandet. Tydelegvis står *makk* sterkast i skriftspråket, men i det vanlegaste ordet på *-makk/-mark*, nemleg *meite-*, er det ganske mange belegg på *-mark* i korpuset vårt (i Norsk Ordbok), så dei tala som står i sakspapiret, er neppe reelle. Dei fleste andre samansetningar med *-makk/-mark* er lite brukte i det heile, så det er berre under *meite-* at ein får ei større mengd tilslag. Eg vil altså rå nemnda til å behalde jamstillinga mellom *makk* og *mark* i denne tydinga.

*ramnsvart* og *ramsvart* er vel eigentleg ikkje same ordet, sjølv om tydinga er lik (og Norsk Ordbok har samla dei i éin artikkel, i dette tilfellet var det kanskje ikkje heilt heldig). Det bør vel framleis vere høve til å dra samanlikninga ’svart som ein ramn’ i forma *ramnsvart*, samtidig som ein kan forsterke med *ramsvart* ’fælt svart’. Eg trur ikkje det eigentleg er ei sak for ei rettskrivingsnemnd.

*rang* el *vrang*: Dette er to ord som er vanskelege å skilje frå kvarandre, men som eg likevel meiner ikkje tyder det same. *Rang* vil eg seie tyder ’feil’ motsett ’rett’, mens *vrang* tyder ’vrien, vanskeleg’ motsett ’enkel’ og liknande (også motsett ’rett’ når det er snakk om strikking og liknande). Oppgåva er *vrang* (vrien), mens svaret er *rangt* (gale). Det verkar ikkje rimeleg å ta vekk det eine.

*rydja – rydda*: Også her verkar det som det er ein tydingsskilnad: rydje ny jord til eit småbruk, men rydde på rommet heime. Men skiljet er ikkje absolutt, tydingane flyt over i kvarandre. Jamstilling utan spesifisering, som foreslått i sakspapiret, er nok det beste. Det er vel ikkje urimeleg at *rydde* kjem til å overta heile feltet, men det kan ei seinare nemnd i tilfelle ta konsekvensen av.

*skjeggete* osv.: Her er klammene med i framlegget, og det er vel ikkje meininga. Eg trur at *skjeggete* og *skjeggut* kunne vere nok i dette tilfellet, jf. argumentasjonen i framlegget.

*trakte – trekte*: Imot prinsipp eg elles hevdar (om helst å unngå nye former), vil eg foreslå at *trakt* 'reiskap til å føre væske inn i flasker o.l.' blir jamstilt med *trekt*, sjølv om forma er utanfor normalen i dag, for eg trur *trakt* i praksis er mest brukt, jamvel i skrift, og i alle fall i tale. Når *trakta* og *traktar* er jamstilte med *trekta* og *trektar*, blir det heilt ulogisk å halde *trakt* utanfor. Eg prøvde i 1979 (som saksutgreiar i Språkrådet) å få godkjent *trakt*, men støyte da på ein mur i fagnemnda på grunn av ganske gamle belegg i setelarkivet til Norsk Ordbok. I dag tykkjer eg altså at ein burde kunne gjennomføre dette.

Til slutt *-ig* vs. *-ug*: Her minner eg berre om at desse formene ikkje utan vidare er substituerbare, slik at dei kan brukast kvar for seg i ulike ord (*heldig*, ikkje *heldug*), samtidig som dei er valfrie i ein del ord: *vettig – vettug*. Eg kunne nok ha ønskt at *-ug* (ikkje *-ig*) kunne bøyast i nøytrum: *eit vist og vettugt hjarte*, mot det no obligatoriske *eit vist og vettug hjarte*.